



SYKKYLVEN KOMMUNE

Planstrategi 2024-2027

Utkast, 21.08.2025.



INNHALD

1	Innleiing	3
2	Utfordringar.....	4
3	Rammevilkår.....	6
3.1	Nasjonale forventingar	6
a.	Regionale forventingar.....	7
b.	Omstillingsprosjekt	7
4	Vurdering gjeldande planar	8
5	Planstrategi 2024-2027	12

1 Innleiing

PLANSYSTEMET

Det kommunale plansystemet, slik det er nedfelt i plan- og bygningslova, går fram av figuren til høgre.

Kommuneplanen med arealdel og samfunnsdel, er det overordna styringdokumentet.

Kommuneplanen skal ha ein langsiktig tidshorisont. Behov for rullering skal vurderast kvar fjerde år.

OM PLANSTRATEGI


Planstrategi er kommunestyret sin oversikt over kva planar som skal lagast i løpet av planperioden.

Krav om planstrategi er heimla i Plan- og bygningslova, § 10-1. Ny planstrategi skal utarbeidast for kvar valperiode.

Strategien skal bygge på ei vurdering av utfordringar og moglegheiter for kommunen, samt ei vurdering av tilgjengelege ressursar og kva som er realistisk å gjennomføre.

I strategien skal ein vurdere om det er planar som treng rullering, planar som kan gå ut eller kva ein eventuelt treng nye planar for.

Kommunen skal ha dei planane som er nødvendige for ei målretta styring i tråd med politiske vedtekne målsettingar. Planane skal vere samkøyrt, oversiktelege og målbare.



Figur 1.1 Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet


2 Utfordringar

Utfordringsbilde har endra seg sidan førre planstrategi. Endringane får direkte verknad for lokalsamfunnet, for tenestebehov og for kommuneøkonomien.

- **Folketalet.**

Nye prognoser for folketal er ikkje fullt så negative enn tidlegare. Frå 2023 til 2024 (4. kvartal), auka folketalet med 23 personar. Det er eit fødselsoverskott på 9. Elles så har talet på flyktningar frå Ukraina vore store. Dette har vore med å påverka talet på innbyggjarar.

Personer med innvandrerbakgrunn. Utvalgte land.



Kilde: Innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre, Statistisk sentralbyrå

Nye framskrivingar av folketalet viser ein forventa nedgang frå 7626 innbyggjarar i 2024 til 7382 i 2030.

- **Fleire eldre og færre unge.**

Aldersfordelinga endrar seg slik at vi blir fleire eldre og færre yngre. Demografiske endringar tilseier ei vesentleg forskyving av aldersfordelinga i kommunen. Fleire eldre og færre yngre gir endra tenestebehov og nye utfordringa for kommunen.

Endringane får direkte følgjer for kommuneøkonomien.

- **Arbeidsplassdekning.**

Arbeidsplassdekning viser kor stor del mange arbeidsplassar det er i kommunen ut frå det totale talet på arbeidstakarar. Ved utgangen av 2023 var det 3509 som hadde sin arbeidsplass i Sykkylven, medan her var 3855 Arbeidstakarar busett i kommunen.

Kommunen har eit svært aktivt og godt næringsliv, men vert framleis rekna som næringsmessig sårbar grunna høg bransjespesialisering og høg hjørnesteinsfaktor.

Arbeidsplassdekning, per 4. kvartal 2023					
	Syssele etter bustad	Syssele etter arbeidsstad	Arbeidsplassdekning	Over- eller underdekning av arbeidsplassar	Syssele som bur og arbeider i same kommune
Kristiansund	11 861	11 673	98,4	-188	9 607
Molde	16 736	19 578	117,0	2 842	13 781
Ålesund	36 011	38 727	107,5	2 716	30 394
Vanylven	1 471	1 308	88,9	-163	1 082
Sande	1 178	1 164	98,8	-14	761
Herøy	4 524	4 601	101,7	77	3 255
Ulstein	4 447	4 775	107,4	328	2 580
Hareid	2 444	1 898	77,7	-546	1 155
Ørsta	5 477	4 605	84,1	-872	3 270
Stranda	2 351	2 443	103,9	92	1 909
Sykkylven	3 855	3 509	91,0	-346	3 000
Sula	5 040	3 161	62,7	-1 879	2 078
Giske	4 519	2 764	61,2	-1 755	2 101
Vestnes	3 521	2 909	82,6	-612	2 435
Rauma	3 569	3 418	95,8	-151	2 813
Aukra	1 802	1 308	72,6	-494	939
Averøy	2 929	2 178	74,4	-751	1 673
Gjemnes	1 344	873	65,0	-471	620
Tingvoll	1 434	1 050	73,2	-384	873
Sunnadal	3 411	3 680	107,9	269	2 979
Surnadal	2 910	2 841	97,6	-69	2 336
Smøla	1 089	1 099	100,9	10	935
Aure	1 680	1 587	94,5	-93	1 292
Volda	5 375	5 443	101,3	68	3 292
Fjord	1 298	1 287	99,2	-11	930
Hustadvika	7 002	4 874	69,6	-2 128	3 866
Møre og Romsdal	137 278	132 753	96,7	-4 525	

Kjelde Møre og Romsdal Fylkeskommune

- **Kommuneøkonomi**

Endringar i folketal, aldersfordeling får direkte utslag for kommuneøkonomien. Staten tilpasser nå rammetilskotet år for år.. Kommunen har ikkje store nok inntekter i høve til utrekna utgiftsbehov (KMD/Telemarkforskning).

- **Berekraft**

Å skape berekraftige samfunn, økonomisk, sosialt og miljømessig, er vår tids største utfordring. Regjeringa har innført FN's 17 berekraftsmål som ramme for all regional og lokal planlegging. Det er ein vesentleg ny faktor som skal leggest til grunn for alt planarbeid.

Det vert no arbeid med ein miljø og klimaplan for kommunen, som skal sette fokus på dei delane av berekraftsarbeidet som går på klima og miljø.



3 Rammevilkår

3.1 Nasjonale forventningar

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Berekraft er gjennomgåande prinsipp i forventningane. Dei 17 berekraftsmåla til FN skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid.

Forventningane fokuserer på:

- Samordning og samarbeid i planleggingen
- Trygge og inkluderende lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

Statlege planretningslinjer innanfor ulike områder legg føringar for lokalt planarbeid

3.2 Regionale forventingar


Statsforvaltaren lagar kvart år eit kommunebrev der dei gir ei oversikt og satsingar i nasjonal politikk og løftar forventingane til kommunane.

I kommunebrevet for 2025 vart følgande tema for nasjonale forventingar trekt fram av Statsforvaltaren:

- Samarbeid og omstilling
- Strammare kommuneøkonomi
- Barn og unge
- Integrering og busetting
- Gode helse- og omsorgstenester
- Ei trygg og framtidsretta samfunnsutvikling og arealbruk
- Berekraftig landbruksforvaltning
- Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkeskommunen utarbeider Regional planstrategi (RPS) som sitt grunnleggjande plandokument. Det er eit overordna plandokument som viser dei største utfordringane og moglegheitene for fylket framover og kva planar fylkeskommunen skal ha for å møte desse. Her gjer ein val som påverkar utviklinga i Møre og Romsdal. Dokumentet styrer korleis fylkeskommunen prioriterer ressursbruken i økonomiplan og budsjett, og skal ligge til grunn for både statleg og kommunal planlegging i fylket.

Fylkeskommunen er ein svært viktig medspelar og bidragsytar til kommunale utvikling innanfor ulike testemråde. Godt samspel mellom fylkeskommunale og kommunale planar er viktig for ei samla utvikling til beste for alle innbyggjarane i fylket.



3.3 Omstillingsprosjekt

Sykkylven kommune har status som omstillingskommune, og fekk i 2024 tilskot for 2025 frå fylkeskommunen, som er nest siste året i programmet. Målsettinga er å bidra til ein meir robust og variert næringsstruktur gjennom å vidareutvikle eksisterande bedrifter og legge til rette for nyetableringar innan fleire bransjar. Omstillingsprosjektet har tilsett eigen programmeiar

Kommunale planar må samspele med omstillingsprosjektet for målretta innsats innanfor ulike sektorar. Kunnskap frå prosjektet vil vere viktig i kommunalt planarbeid.

4 Vurdering gjeldande planar

Tabellen viser gjeldande politisk planar med vedtaks år, kommentert og vurdert med utgangspunkt i einingane sine tilbakemeldingar og politiske orienteringar i vår.

KOMMUNEPLAN - SAMFUNNSDELEN	
Samfunnsplan 2023-2027 Vedtatt 2023	<p>Samfunnsplanen skal vere det overordna styringsdokumentet som stakar ut kurs og peikar på viktige innsatsområde ut frå dei utfordringane kommunen står overfor.</p> <p>VURDERING: Planen er enkel og har ein oversikteleg og god struktur. Den har blitt meir brukt og vist til enn tidlegare vedtatte planar. Vi såg sist at den krevde ein del tid og resursar, og vart ferdigstilt 2 år seinare enn planlagt.</p> <p>Ein skal vurdere i 2027 om gjeldande samfunnsplan framleis er relevant eller om det skal startast ei rullering.</p>
KOMMUNEPLAN - AREALDELEN	
Kommuneplan – Arealdelen 2013-2025 Vedtatt 2013	<p>Arealdelen består av <i>Kommuneplan, Arealdelen (2013)</i> samt <i>Kommunedelplan for sentrum/Ikornnes (2020)</i>, <i>Kommunedelplan for Straumgjerde</i> og <i>Kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet</i>.</p>
Kommunedelplan for sentrum - Ikornnes Vedtatt 2019	<p>VURDERING: Kommuneplan-Arealdelen og dei to kommunedelplanane for Straumgjerde og sentrum/Ikornnes dekker alt industri- og bustadareal i kommunen.</p>
Kommunedelplan for Straumgjerde Vedtatt 2017	<p>For bustadareal er det er til dels store reservar av innanfor gjeldande planar. Utfordringa er at for lite areal kjem ut i marknaden, og at ledig areal til dels ligg i område som kan synast mindre attraktive i marknaden. Dette er problemstillingar som må løysast utanom plan.</p> <p>I og med sentrumsplanen og Straumgjerdeplanen er "nyare" planar, vurderer ein at desse har dekkande arealreservar ei stund framover.</p> <p>Næringsareal ser ut til å vere oppdekka for dei næraste åra, og enkelte næringsaktørar har sett i gang eigne reguleringsplanar for å få bygd meir.</p>

	<p>Største utfordringa med arealdelen er manglande samordning mellom føresegnene til dei ulike planane. Systemet med rullering til ulik tid, gjer at vi vil få noko ulike reglar for ulike delar av kommunen. Endra retningslinjer frå staten over tid har til dømes gitt ulike reglar for område for spreidd bustadbygging, handtering av samfunnstryggleik, naust mm. Sjølv om det gjerne er mindre forskjellar, bør kommunen ha lik formulering på regelverk for heile kommunen.</p> <p>Føresegnene til Kommuneplan – arealdelen og kommunedelplan for Straumgjerde og for sentrum/lkornnes bør vurderast slåast saman til eit felles dokument slik at alle planområda får likt regelverk. Rullering vil berre gjerast for føresegnene, plankarta vil vere uendra.</p> <p>Ny kommuneplan-arealdel er under utarbeiding og ein forventer at denne vedtas i 2025. Når denne er vedtatt er det eit gunstig tidspunkt å sjå på om ei samkøying av føresegnene i kommuneplanen og delplanane skal gjennomførast.</p>
Kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet Vedtatt 2014	<p>Kommunedelplan Nysæterområdet omfattar andre problemstillingar enn dei andre planane. Fokus er hytteutbygging kontra landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF). Området er eit stort og regionalt viktig natur- og friluftsområde. Balansering av ulike interesser er utfordrande.</p> <p>Sjølv om det har vore stor byggeaktivitet over fleire år, er det framleis store arealreservar for ny hyttebygging som ikkje er tatt i bruk.</p> <p>Kommunedelplanen Nysæterområdet vart vedtatt rullert i 2023 og blir utarbeida i denne politiske perioden. Det vil difor ikkje vere hensiktsmessig å legge opp til ei ny rullering i denne planstrategien.</p> <p>Satsar på at den nye planen blir vedtatt 2026/2027.</p> <p>Det er i planprogrammet til kommunedelplanen for områda kring Nysætervatnet lagt til rette for at Løypeplan for Nysætervatnet, vedtatt 2022, skal inkludrast i rulleringa som no er i gang. Mogleg denne foreslås å ta inn meir eller mindre uendra.</p>
Interkommunal plan for Storfjorden. (I dag ein del av kommuneplan-arealdelen vedtatt 2013)	<p>Areala for Storfjorden og ytre del av Sykkylvsfjorden vart oppstarta som ein interkommunal kommunedelplan i samarbeid med Stranda- og Fjord kommune i 2021. Planen har vore på 1.gongs høyring og ein jobbar i samarbeid med dei andre kommunane med å få prosessen vidare og til vedtak i 2026.</p> <p>Sidan denne er i prosess frå sist politiske periode, så skal denne ikkje rullerast i denne perioden.</p>
TEMAPLANAR KOMMUNALOMRÅDE OPPVEKST	
Oppvekstplan	<p>Planen erstattar tidlegare Strategiplan for skuleeigar, og vil i tillegg til skule omfatte barnehage og støttetjenester knytt til barn og unge sin oppvekst. Planen skal med utgangspunkt i eit kunnskapsgrunnlag sikre heilskapleg og felles forståing av ansvar, status, utviklingstrekk og moglegheiter.</p> <p>Kommunestyret er formell barnehageeigar og skuleeigar og er slik ansvarleg for at krav i lov og regelverk vert følgde. Utøvinga av ansvaret er delegert til administrasjonen i kommunen, som skal sikre og styrke kvalitetsarbeidet.</p> <p>VURDERING: Ny plan, oppstart i 2026</p>

TEMAPLANAR HELSE OG OMSORG	
Helse og omsorgsplan 2020-2028 Vedtatt: 2021	Overordna plan for helse- og omsorgssektoren. Sektoren står føre store utfordringar knyt til deografiske utvikling og samfunnsmessige endringar, som fører til endra behov hos innbyggjarane. Planen skal vere eit politisk og administrativt grunnlag for å planlegge og styre ei langsiktig og berekraftig utvikling av sektoren.
Handlingsplan for LHBT Rehabiliteringsplan	Temaet er tatt inn i Helse og omsorgsplanen. Fagplan for habilitering/rehabilitering skal utarbeidast i planperioden, som ein del av helse- og omsorgsplanen.
Plan for legetenesta Vedtatt 2023	Plan for legetenesta Sykkylven kommune 2023-2030. VURDERING: Ikkje behov for rullering denne valperioden.
Alkoholpolitisk plan/retningslinjer Sykkylven kommune 2024-2028 Vedtatt 2024	VURDERING: Ikkje behov for rullering i valperioden
Bustadsosial handlingsplan Vedtatt 2023	Eksisterande plan vedtatt i 2023 for perioden fram til 2035. VURDERING: Ikkje behov for rullering i valperioden.
Folkehelseplan	VURDERING: God helse er eit av FN sine 17 berekraftsmål. Folkehelse er eit gjennomgåande og sektorovergripande tema som skal belysast i alle planar. Ein eigen sær-plan for tema vert vurdert som lite tenleg. Det vil bli ein temaplan som grip inn i alle andre planområde, og lett skape ein uoversikteleg plansituasjon. Korleis folkehelse skal handterast i organisasjonen bør drøftast i samband med utarbeiding av ny samfunnsplan. Folkehelseinstituttet lagar også ein årleg kommuneoversikt.

KULTUR	
Kulturminneplan	Plan er under arbeid, nær ferdigstilling. VURDERING: Planvedtak i 2025. Ikkje behov for rullering i valperioden.
Anleggsplan for idrett Vedtatt i 2020	VURDERING: Årleg rullering av handlingsdelen. Plan er under arbeid. Planlagt ferdig 2025.
Plan for friluftslivets ferdelsårer NY	Er i prosess. Starta 2021. Satser på vedtak 2025/2026.
NÆRING, TEKNISK, MM	
Trafikktryggingsplan Vedtatt 2020	VURDERING: Bør rullerast i perioden. Tiltaksdelen skal rullerast årleg.
Landbruksplan Vedtatt 2023	VURDERING: Jordbrukssjefen melder behov for rullering. Planlagt 2031.
Energi og klimaplan Vedtatt 2010 Rullering 2025	VURDERING: Planarbeidet er godt i gang og planlagt gjennomført i 2025.
Næringsplan Vedtatt 2019	Ny strategiplan vart handsama i 2019. Eventuelt behov for rullering må sjåast i samanheng med omstillingsprosjektet som vart starta i 2020, der ein søker årlege omstillingsmidlar over ein 6 års-periode. Gjennom prosjektet vil ein avklare behovet for rullering av næringsplanen.
Hovudplan vassforsyning Vedtatt 2012	Starta rullering i 2025 (Sykkylven Energi AS).
Hovudplan avløp Vedtatt 2012	Starta rullering i 2025 (Sykkylven Energi AS).
BEREDSKAPSPLANAR	
Beredskapoversyn	Årleg revidering.
Plan for kriseleiinga	Årleg revidering.
Plan for omsorgsberedskapen	Årleg revidering
ØKONOMI	
Årsbudsjett	Årleg
Økonomiplan	Årleg
Årsmelding	Årleg

5 Planstrategi 2024-2027

Plan	Sist vedtatt/ rullert	I prosess	Ny rullering				Ansvar kommunalområde	Merknad
			2024	2025	2026	2027		
Kommuneplan Samfunnsdelen	2023						Samfunn	
Kommuneplan Arealdelen	2013						Samfunn	
Samordning av føresegner med delplan Straumgjerde og Sentrum/Ikornnes	2017/2019						Samfunn	
Kommunedelplan Nysæterområdet	2014						Samfunn	
Oppvekstplan	NY						Oppvekst	
Integrerings- og inkluderingsplan	NY						Oppvekst/helse	
Helse- og omsorgsplan	2021						Helse	
Plan for legetenesta	2023						Helse	
Rusmiddelpolitisk handlingsplan	2016						Helse	
Kulturminneplan	NY						Samfunn	
Anleggsplan for idrett	2020						Samfunn	
Plan for friluftslivets ferdelsårer	NY						Samfunn	
Næringsplan	2019						Kommunedirektør	
Landbruksplan	2023						Samfunn	Ikkje behov for rullering
Trafikktryggingssplan	2020						Samfunn	
Energi- og klimaplan	NY						Samfunn/ kommunedirektør	
Hovudplan vassforsyning og avløp	2020 (avløp)						Samfunn – Sykkylven Energi AS	
Løypeplan for Fjellsætra	2022						Samfunn	Innarbeidast i Nysæterplanen
Interkommunal plan for Storfjorden	NY						Samfunn	
Bustadsosial handlingsplan	2023						Helse	
Lønnspolitisk plan	2018						Personalsjef	
Arbeidsgjevarstrategi	NY						Personalsjef	
Økonomiplan	2023						Økonomisjef	

Aktuelle kjelder (lista er ikkje uttømande):

- Møre og Romsdal fylkeskommune, kommunestatistikk.
- SSB folketalsframskrivingar og KOSTRA-tal.
- Bærekraftløftet. Kartlegging av Sykkylven kommune etter FN's 17 bærekraftsmål.
- Folkehelseprofil, FHI – Folkehelseinstituttet
- Oppvekstprofil, Folkehelseinstituttet.
- Klimaprofil Møre og Romsdal
- Innbyggjarundersøking, Sykkylven kommune
- Kommunebarometeret/Kommunal Rapport
- Næringsbarometeret, NHO
- Nasjonale forventinger til regional og kommunal planlegging 2023-2027
- Statsforvaltaren i Møre og Romsdal – Kommunebrevet 2025